

AVGJERD I EØS-KOMITEEN

nr. 322/2021

av 10. desember 2021

om endring av vedlegg I til EØS-avtala (Veterinære og plantesanitære tilhøve)

EØS-KOMITEEN HAR –

med tilvising til avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, heretter kalla EØS-avtala, særleg artikkel 98,

og ut frå desse synsmåtane:

- 1) Kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) 2021/658 av 21. april 2021 om godkjenning av eterisk olje frå *Origanum vulgare* L. subsp. *hirtum* (Link) lets. Var. Vulkan (DOS 00001) som tilsetjingsstoff i fôr til alle dyreartar⁽¹⁾ skal takast inn i EØS-avtala.
- 2) Kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) 2021/669 av 23. april 2021 om godkjenning av teknisk reint L-lysinmonohydroklorid og flytande L-lysinbase framstilt av *Corynebacterium casei* KCCM 80190, *Corynebacterium glutamicum* KCCM 80216 eller *Corynebacterium glutamicum* KCTC 12307BP som tilsetjingsstoff i fôr til alle dyreartar⁽²⁾ skal takast inn i EØS-avtala.
- 3) Kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) 2021/709 av 29. april 2021 om godkjenning av L-histidinmonohydrokloridmonohydrat framstilt av *Escherichia coli* KCCM 80212 som tilsetjingsstoff i fôr til alle dyreartar⁽³⁾ skal takast inn i EØS-avtala.
- 4) Kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) 2021/718 av 30. april 2021 om endring av gjennomføringsforordning (EU) nr. 371/2011 med omsyn til namnet på innehavaren av godkjenninga av dimetylglysinatriumsalt som fôrtilsetjingsstoff⁽⁴⁾ skal takast inn i EØS-avtala.
- 5) Kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) 2021/719 av 30. april 2021 om godkjenning av L-valin framstilt av *Corynebacterium glutamicum* CGMCC 7.358 som tilsetjingsstoff i fôr til alle dyreartar⁽⁵⁾ skal takast inn i EØS-avtala.
- 6) Kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) 2021/733 av 5. mai 2021 om endring av gjennomføringsforordning (EU) nr. 887/2011 og gjennomføringsforordning (EU) 2017/961 med omsyn til namnet på innehavaren av godkjenninga av *Enterococcus faecium* CECT 4515 som fôrtilsetjingsstoff, og om endring av gjennomføringsforordning

(1) TEU L 137 av 22.4.2021, s. 16.

(2) TEU L 141 av 26.4.2021, s. 7.

(3) TEU L 147 av 30.4.2021, s. 8.

(4) TEU L 151 av 3.5.2021, s. 10.

(5) TEU L 151 av 3.5.2021, s. 12.

(EU) 2020/1395 med omsyn til namnet på innehavaren av godkjenninga av *Bacillus amyloliquefaciens* CECT 5940 som førtilsetjingsstoff⁽⁶⁾ skal takast inn i EØS-avtala.

- 7) Kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) 2021/758 av 7. mai 2021 om statusen til visse produkt som førtilsetjingsstoff innanfor verkeområdet for europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 1831/2003 og om tilbaketrekking frå marknaden av visse førtilsetjingsstoff⁽⁷⁾ skal takast inn i EØS-avtala.
- 8) Gjennomføringsforordning (EU) 2021/758 opphevar kommisjonsforordning (EF) nr. 880/2004⁽⁸⁾ og (EF) nr. 775/2008⁽⁹⁾, som er tekne inn i EØS-avtala og difor skal opphevast i EØS-avtala.
- 9) Denne avgjerda gjeld føresegner om fôrvarer. Føresegner om fôrvarer skal ikkje gjelde for Liechtenstein så lenge avtala mellom Det europeiske fellesskapet og Det sveitsiske eidssambandet om handel med landbruksprodukt er utvida til å omfatte Liechtenstein, som nemnd i tilpassing etter sektor i vedlegg I til EØS-avtala. Denne avgjerda skal difor ikkje gjelde for Liechtenstein.
- 10) Vedlegg I til EØS-avtala bør difor endrast –

TEKE DENNE AVGJERDA:

Artikkel 1

I kapittel II i vedlegg I til EØS-avtala vert det gjort følgjande endringar:

1. I nr. 1zzg (kommisjonsforordning (EF) nr. 358/2005) skal nytt strekpunkt lyde:
”– **32021 R 0758:** Kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) 2021/758 av 7. mai 2021 (EUT L 162 av 10.5.2021, s. 5).”
2. I nr. 2za (Kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) nr. 371/2011) skal nytt strekpunkt lyde:
”– **32021 R 0718:** Kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) 2021/718 av 30. april 2021 (EUT L 151 av 3.5.2021, s. 10).”
3. I nr. 2zn (Kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) nr. 887/2011) skal nytt strekpunkt lyde:
”– **32021 R 0733:** Kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) 2021/733 av 5. mai 2021 (EUT L 158 av 6.5.2021, s. 11).”

⁽⁶⁾ TEU L 158 av 6.5.2021, s. 11.

⁽⁷⁾ TEU L 162 av 10.5.2021, s. 5.

⁽⁸⁾ TEU L 162 av 30.4.2004, s. 68.

⁽⁹⁾ TEU L 207 av 5.8.2008, s. 5.

4. I nr. 217 (Kommissjonens gjennomføringsforordning (EU) 2017/961) og 365 (Kommissjonens gjennomføringsforordning (EU) 2020/1395) vert følgjande lagt til:

”, endret ved:

– **32021 R 0733**: Kommissjonens gjennomføringsforordning (EU) 2021/733 av 5. mai 2021 (EUT L 158 av 6.5.2021, s. 11).”

5. Etter nr. 406 (Kommissjonens gjennomføringsforordning (EU) 2021/551) skal nye nummer lyde:

”407. **32021 R 0658**: Kommissjonens gjennomføringsforordning (EU) 2021/658 av 21. april 2021 om godkjenning av eterisk olje frå *Origanum vulgare* L. subsp. *hirtum* (Link) letsw. Var. Vulkan (DOS 00001) som tilsetjingsstoff i fôr til alle dyreartar (EUT L 137 av 22.4.2021, s. 16).

408. **32021 R 0669**: Kommissjonens gjennomføringsforordning (EU) 2021/669 av 23. april 2021 om godkjenning av teknisk reint L-lysinmonohydroklorid og flytande L-lysinbase framstilt av *Corynebacterium casei* KCCM 80190, *Corynebacterium glutamicum* KCCM 80216 eller *Corynebacterium glutamicum* KCTC 12307BP som tilsetjingsstoff i fôr til alle dyreartar (EUT L 141 av 26.4.2021, s. 7).

409. **32021 R 0709**: Kommissjonens gjennomføringsforordning (EU) 2021/709 av 29. april 2021 om godkjenning av L-histidinmonohydrokloridmonohydrat framstilt av *Escherichia coli* KCCM 80212 som tilsetjingsstoff i fôr til alle dyreartar (EUT L 147 av 30.4.2021, s. 8).

410. **32021 R 0719**: Kommissjonens gjennomføringsforordning (EU) 2021/719 av 30. april 2021 om godkjenning av L-valin framstilt av *Corynebacterium glutamicum* CGMCC 7.358 som tilsetjingsstoff i fôr til alle dyreartar (EUT L 151 av 3.5.2021, s. 12).

411. **32021 R 0758**: Kommissjonens gjennomføringsforordning (EU) 2021/758 av 7. mai 2021 om statusen til visse produkt som fôrtilsetjingsstoff innanfor verkeområdet for europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 1831/2003 og om tilbaketrekking frå marknaden av visse fôrtilsetjingsstoff (EUT L 162 av 10.5.2021, s. 5).”

6. Teksta i nr. 1zo (kommisjonsforordning (EF) nr. 880/2004) og 1zzzzr (kommisjonsforordning (EF) nr. 775/2008) opphevast.

Artikkel 2

Teksta til gjennomføringsforordning (EU) 2021/658, (EU) 2021/669, (EU) 2021/709, (EU) 2021/718, (EU) 2021/719, (EU) 2021/733 og (EU) 2021/758 på islandsk og norsk, som vil verte kunngjord i EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*, skal verte gyldig.

Artikkel 3

Denne avgjerda tek til å gjelde 11. desember 2021, på det vilkåret at alle meldingar etter artikkel 103 nr. 1 i EØS-avtala er sende inn(*).

Artikkel 4

Denne avgjerda skal kunngjerast i EØS-avdelinga av og EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*.

Utferda i Brussel 10. desember 2021.

For EØS-komiteen

Rolf Einar Fife

Formann

(*) Ingen forfatningsrettslege krav oppgjevne.